

Litt treg start på Aksjon Julegran.

23.11.2006

Ein ny omgang av Aksjon Julegran vart sett i gang for nokre veker sidan då bankkontoen som skal dekkja drifta, var tom. Eg trur dei fleste rekna med at dette var eit prosjekt som svært mange ville samla seg om, og at pengegåvene dermed ville strøyma inn på kontoen. Derfor vart vi litt overraska over svaret vi fekk då vi spurde Lars Myklebust og Knut Stensletten i julegrankomiteèn om korleis innsamlinga gjekk. Dei kunne nemleg fortelja at responsen til no hadde vore mindre enn dei hadde rekna med.

- Bli da ikkje meir fart i da enn detta, blir da bare lys på halva grano i år, - kunne Lars meddela på sin lune og humoristiske måte. I meir alvor la han til, - Nei, grana skal nok lysa fint i år og. Derfor har vi teke sjansen på m.a. å kjøpa inn ny lyslekkje.-

Knut og Lars seier vidare at dei hadde håpa å få inn såpass mykje at dei har til drifta nokre år framover. Dei håpar og trur at både firma og privatpersonar, bygdafolk og utabygdarar sluttar opp om aksjonen i tida fram mot jul.

- Vi håpar vi slepp ny innsamlingsaksjon dei første åra. Det vert litt tungt då, - seier dei to, før Knut skyt inn, - Ein av dei første innbetalingane var forresten frå Oslo. Ein del utflyttarar har vore flinke å støtta opp.-

Vi håpar det vert meir fart i innsamlinga no fram mot tenninga av grana. Det er berre å betala ønska sum inn til:

Aksjon Julegran/Uskedal Musikklag,

v/Knut Stensletten

5463 Uskedalen.

Kontonummeret er: **3460 09 58021**

Uskedalen.no vil koma tilbake til innsamlinga med oppsummeringsrapport når den vert avslutta på nyåret.

Av Thor Inge Døssland